

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 3. søndag i openberringstida – søndag 21. januar 2018

Preiketekst: Joh 4,4-26

Lesetekst I: Jes 55,1-3

Lesetekst II: Op 21,1-6

## LIVSENS VATN

Det var ved Jakobskjelda ved Sykar, på veg frå Jerusalem til Galilea. Jesus hadde sett seg ned, han var trøyt, tørst og svolten. Han var eit menneske. Læresveinane hadde gått inn til byen for å kjøpa mat.

### Misjon er å kryssa grenser

Openberringstida er misjonstid. Her ser vi korleis Jesus krysser dei vedtekne grenser og openberrar seg for ei samaritansk kvinne. Dette er Jesu første samtale med nokon som ikkje er jøde i Johannesevangeliet, som elles er serprega av personlege samtalar. Jesus samtalar her med ei som ikkje var jøde og som var kvinne. Båe deler var utenkjeleg. Han delte med henne sin innerste identitet og største mysterium, at han var Messias. «Det er eg, eg som snakkar med deg.» Openberringstida er også ei tid som viser kven Jesus er. Her openberrar han at han er Messias, den jødefolket venta og håpa på. Også den samaritanske kvinna visste at Messias skulle koma og at han skulle fortelja dei alt, altså openberra alt for menneska. Og det var det han gjorde.

### Møte med Jesus

Korleis kunne ho tru han? Fordi han openberra sanninga om henne, alt det som hadde gått galt i livet hennar, det som var mislukka, det som var synd. Og ikkje berre det, men han såg at ho var tørst, tørst på det levande vatnet, som berre han kunne gje. Eller skapte hans nærver denne tørsten i henne?

Ho var vant med menn, menn som var ute etter ein ting, som kanskje hadde utnytta henne. Denne var annleis, han såg hennar innerste og hennar åndelege tørst. Det var vanskeleg å forhalda seg til. «I don't know how to love him.» Men ho ville gjerne ta imot det nye han hadde å gje. Og så snart ho hadde sett han og opna seg for han og dette nye, måtte ho dela det med andre.

Ho hadde kome midt på dagen. Åleine. Betydde det at ho var menneskesky? Det var den varmaste tida og ikkje den tida da kvinnene brukte å samlast ved vasskjelda, som var ein møteplass, for å dela nytt og prata sammen om livet sitt.

Den samaritanske kvinna ved brønnen hadde ikkje noko ho gjerne ville dela med dei andre kvinnene. Kanskje ho var forakta og mislikt. Utanfor.

Heilt til ho møtte Jesus. Da var ho ikkje lenger redd dei andre, men skunda seg inn til byen og sa: «Kom, så skal de få sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort! Kan han vera Messias?» Og dei kjem og møter han sjølv og kjem til tru, ei personleg tru: «No trur vi ikkje lenger på grunn av det du sa, for vi har høyrte han sjølve. Og vi veit at han verkeleg er den som skal frelsa verda.» (Framhald av teksta). Det er dette som er misjon og evangelisering.

Kvinna opna seg for han som såg henne slik ho var og enda ikkje forakta henne, men bad henne om ei teneste. Og ho vart eit vitne for han. Kanskje den første hedningemisjonær? Ei fallen kvinne. I møte med misjonshistoria, som vi har hatt rikeleg høve til i jubileumsåret som gjekk (NMS og Normisjon), så ser vi korleis Gud kan bruka det som er lite, forakta, skrøpeleg og kva han har skapt av ingenting.

## **Sanninga om livet og Jesus**

I møte med Jesus blir sanninga om livet vårt avdekt og vi tek til å tala sant om livet. Og det levande vatnet gjev nytt liv. Den som drikk av det vatnet, skal aldri meir tørsta. Og det vatnet blir ei kjelde i ein med vatn som bryt fram og gjev evig liv.

Korleis kan ein få dette levande vatnet som gjev liv? «Gjev meg det vatnet,» sa kvinna. Jesus sa: «Gå og hent mannen din.» Han sette straks fingeren på det såre punkt i livet hennar, og ho erkjente sitt kaotiske liv og si synd. Da var ho like ved kjelda og fekk ta imot det vatnet som gir liv. Jesus seier at det er ved sann tilbeding i ånd og sanning vi får ta imot. Og det er ved å tilbe Guds Son og den treeinige Gud vi får det evige livet.

## **Kven er Jesus?**

Dette har vore diskutert i media mange gonger no i lang tid, og det er skrivne fleire nye bøker om dette spørsmålet. Det er høgaktuelt også i dag. Dette var også eit spørsmål som kvinna frå Samaria stilte: « - ein mann som har sagt meg alt eg har gjort. Kan han vera Messias?»

Jesus seier sjølv her at «frelsa kjem frå jødane». Dette er kanskje eit ord som er verd å merka seg i vår tid når antisemitismen gror fram igjen. Og vi kan vera tydelege på vår jødiske og kristne arv.

## **Livsens kjelde**

Vatnet er vel her som mange andre stader i Bibelen ein metafor for det som er livsviktig. Men det er også lett å assosiera til dåpsvatnet, eit nådemiddel som gjev liv.

Og gjennom dåpen gir han oss adgang til kjelda med livsens vatn, her i livet og på den nye jorda.

I Openberringsboka seier han som er den første og den siste, Alpha og Omega, opphavet og enden: «Eg vil gje den tørste å drikka av kjelda med livsens vatn som gåve.» Og: «Den som tørstar, skal koma, og den som vil, skal få livsens vatn som gåve.» Op 21 og 22.

*«Å, denne kilde ren som paradiset,  
den springer frem her like ved min for.*

*Å, denne strøm fra dine dype kilder  
gir meg tilbake helse, liv og mot.» NoS 897*

Kvinna ved brønnen bad om å få dette vatnet som gav liv. Og det er ingen ting Gud heller vil enn å gje oss det. I GT-teksta ser vi korleis Gud kallar folk til å koma og få dette vatnet, han tilbyr det gratis: «Kom, alle tørste, kom til vatnet! De utan pengar, kom og kjøp korn og et! Kom, kjøp korn utan pengar, vin og mjølk utan betaling! Kvifor bruka pengar på det som ikkje er brød, og arbeid på det som ikkje mettar?» (Jes 55)

Eit heilt jubileumsår for reformasjonen har vi fokusert på nåden åleine, at frelsa er gratis, utan betaling og fortjeneste. Men det gjeld ikkje berre i reformasjonsåret. Kvart år er eit nådeår med Guds frelse gratis.

Guds ord seier at det er dette som er noko som er verd å få. Det er så mange tilbod i dag, som skal berika livet, men det er berre dette som stiller vår åndelege tørst og gir evig liv. Og det er gratis.

## **Einy Rendal Elgsæther**

Pensjonist. Prestevikar. Tidl. Misjonær Santalmisjonen / Normisjon.

[einyre@gmail.com](mailto:einyre@gmail.com)